


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, S. Aadland



”If not for love...”

Frå kyrkjeboka



Døypte

28.10.

Lavrans Langeland
Johannes Haugsbø Fossmark

11.11.

Max Foss Reistad
Oda Tømmerbakk
Emil Ingvarsen Holmefjord

9.12.

Evo Risnes Skår



Gravlagde

27.11.

Inger Sævild

13.12.

Petter Andreas Flood

21.12.

Knut Sævild

18.12.

Kjell Steintveit

28.12.

Randi Kulild

16.1.

Karin Gjerde

24.1.

Alfhild Kristine Henne



No er det tid for korprosjekt igjen – det siste prosjektet Eilert og Anne Lise står føre som organisatar. Denne gongen med songar frå den amerikanske songlegenda

Johnny Cash sit repertoar. Dei fleste har nok høyrd songar som «Man in black», «Folsom prison blues» og «I walk the line». Men kanskje ikkje alle visste at

Johnny Cash hadde mykje av sin bakgrunn i salme- og gospelsongen. Og heile livet framførde han songar med ein kristen bodskap – også i dei meir røffe periodane. Mange av desse songane er i countrystil. – Når Cash t.d. syng om «den gode hyrdingen», syng han om «The greatest cowboy of them all». I songane hans er humor, engasjement, naud, depresjon, kjærleik og levd liv. Dei er mangfaldige som mannen sjølv.

«The man in black» hadde eit stort hjarta for dei som hadde det vanskeleg og kvidde seg ikkje for å ta det opp på høgaste politiske hald. Han song like gjerne protestsongar i «Det kvite hus» som i eit fengsel. Han kunne sjølv ha vorte ein

av desse som enda opp på ein parkbenk eller bak murane. Det var kjærleiken som berga han, seier han gjennom tittelsongen på prosjektet: «If not for love».

Så har du lyst å vera med og synge kjende og mindre kjende songar frå Johnny Cash sitt repertoar, er du velkomen på øving. Med oss har me denne gongen Knut Inge, Benjamin og Linn Borgny Røen og bandet «Sjansespel» frå Fusa og Samnanger. Me startar øvingane onsdag 13. febr., og det vert konsertar 15. mars på Haga og 16. mars i Eikelandssosen. Meir info på heimesidene våre.

Nye og gamle songarar velkomne!

KYRKJELYDSHELG PÅ WALLEMTUNET

I helga var mange små og store frå kyrkja samla på leir oppe på Wallemtunet. Her var det god stemning med mykje prat og latter, skigåing og leik i snøen i strålende solskinn, god mat, gøyale spel, tid til strikking for dei som ville det, og mykje meir. Eit team frå Acta Bibelskule var med på samlingane og delte Guds ord med oss og hadde vitnesbyrd. På sundagen avslutta vi leiren med fyrst å halde gudstene neste saman, der borna dramatiserte teksten, og så ete god middag til slutt.

Alt i alt ei veldig kjekk helg!



Iherdige stikkarar :-)



2 av gjestane frå Acta i ivrig samtale med presten i peisestova.



Istappar er gøy!